



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arve Meidell, 55 57 21 10
Christian Johan Alstad, 55 57 21 12

Fråsegn - Kvinnherad - 145/1 mfl - Husnes - skule og fleirbrukshall - endring av reguleringsplan - forenkla prosess

Vi viser til brev datert 10.07.2019 om endring av reguleringsplan jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Dei aktuelle endringane er av mindre karakter knytte til trafikkføremål og plangrense. Kommunen oppsummerer endringane slik:

Plankartet er revidert i følgjande punkt:

- Justeringar for trafikkføremål i samband med avkøyringa frå Opsangervegen
- Justering av plangrense for fyllingsfot for ny veg
- Avkøyring traktorveg.
- Tilrettelegging for vidare veg i arealformål som er grønt like ved tomt for idrettshall
- Justering av veghøgder for ny tilkomstveg til tomt for idrettshall

Føresegner blir ikkje revidert.

Fylkesmannen er positiv til at kommunen vel å ta desse justeringane gjennom ei endring av reguleringsplanen framfor å handsame endringane som ein dispensasjon frå gjeldande plan.

Elles har ikkje Fylkesmannen merknader til saka.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Arve Meidell
fungerande seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent